

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Quality Hotel Maritim, Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 25.11.2022 kl. 09.00 – kl. 12.45

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Petter Steen jr.	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Helga Arianson	Styremedlem
Heiko Bratke	Styremedlem
Nina Budal	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Kjersti Follesø	Styremedlem
Laura Lill Haavik	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Åse-Berit Apeland Rolland	Styremedlem
Ingvill Skogseth	Styremedlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerende direktør
Aud Gunn Løklingholm	Administrasjonssjef
Magne Kydland	Kommunikasjonssjef
Hilde Sørhus Kalvenes	Administrasjonssekretær
Hege Etterlid	Økonomi- og finansdirektør
Laila M. R. Nemeth	Prosjektdirektør
Tomas Jonson	Mentor

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF, Grete Müller, deltok

Forfall frå styremøte:

Ingen

SAKLISTE

Sak 78/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 79/22	Protokoll frå styremøte 28.10.22
Sak 81/22	Rapport frå verksemda
Sak 82/22	Budsjett 2023
Sak 83/22	Investeringsbudsjett 2023
Sak 84/22	Felles mål for tilstandsgrad
Sak 85/22	Oppnemning av Brukarutval i Helse Fonna HF

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Lukka møte, jf. Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd punkt 4

Sak 86/22	Bygg Haugesund månadsrapport oktober
-----------	--------------------------------------

Utsendt

Saker til orientering

Sak 80/22	Administrerende direktør si orientering
-----------	---

Vedlagt

Sak 87/22	Eventuelt Skriv og meldingar
-----------	---------------------------------

Vedlagt

Sak 78/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjent

Sak 79/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte 28.10.22

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 28.10.22

Sak 80/22 Administrerande direktør si orientering

1 Tilsyn

Vedlagt

2 Høyringar

Vedlagt

3 Utdeling av kvalitetsprisen for 2022

Tomas Jonson presenterte Helse Fonna sin kvalitetspris og kandidatar til prisen. Vinnaren av Helse Fonna sin kvalitetspris for 2022 er prosjektet «Optimalisering EPJ, Helse Fonna» ved Ida Dankel Seim og Elin Ulsund Hansen. Styreleiar Petter Steen jr. delte ut kvalitetsprisen og blommar til vinnarane. Etter utdelinga presenterte Ida Dankel Seim vinnarprosjektet.

4 Fagdirektør

Administrerande direktør takka av fagdirektør Haldis Økland Lier og ønskte lukke til med arbeidet i stillinga som forskings sjef i Helse Fonna. Ny fagdirektør Andreas Andreassen vart ønskt velkommen.

5 Besøk av statsråd ved Stord sjukehus 29.11.2022

Administrerande direktør orienterte om program for det planlagde besøket ved Stord sjukehus 29.11.2022.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar meldingane til orientering

Sak 81/22 Rapport frå verksemda

Administrerende direktør orienterte innleiingsvis kort om kvalitet i rapporten. Presentasjon av den økonomiske situasjonen ved økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid.

Nye framlegg:

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning med følgjande merknader:

Styret i Helse Fonna HF ser framleis svært alvorleg på den økonomiske situasjonen, slik han er presentert i verksemdsrapporten.

Styret er oppteke av at dei tiltaka som er sette i verk, blir førte vidare og forsterka. Styret bed AD om å utfordra heile organisasjonen med omsyn til å gå kritisk gjennom verksemda og sjå på naudsynte endringar, effektivisering og rette prioriteringar av tenestetilbodet.

Mogeleg innstramming av det økonomiske handlingsrommet som følgje av statsbudsjettet for 2023 vil koma på toppen av det akkumulerte underskotet for 2022. Dette gjer det naudsynt med total gjennomgang av heile verksemda for på ny å koma i økonomisk balanse. Styret ser positivt på alle tiltak som kan gje auka inntekter og reduserte utgifte under føresetnad av at arbeidsmiljø, pasienttryggleik og kvalitet i behandlinga blir ivareteke.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning med følgjande merknader:

Styret i Helse Fonna HF ser framleis svært alvorleg på den økonomiske situasjonen, slik han er presentert i verksemdsrapporten.

Styret er oppteke av at dei tiltaka som er sette i verk, blir førte vidare og forsterka. Styret bed AD om å utfordra heile organisasjonen med omsyn til å gå kritisk gjennom verksemda og sjå på naudsynte endringar, effektivisering og rette prioriteringar av tenestetilbodet.

Mogeleg innstramming av det økonomiske handlingsrommet som følgje av statsbudsjettet for 2023 vil koma på toppen av det akkumulerte underskotet for 2022. Dette gjer det naudsynt med total gjennomgang av heile verksemda for på ny å koma i økonomisk balanse. Styret ser positivt på alle tiltak som kan gje auka inntekter og reduserte utgifte under føresetnad av at arbeidsmiljø, pasienttryggleik og kvalitet i behandlinga blir ivareteke.

Sak 82/22 Budsjett 2023

Presentasjon av saka ved administrerende direktør Olav Klausen og økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid.

Protokoll frå drøftingsmøte 18. november vart delt ut til styret i møtet.

Nye framlegg:

Pkt. 2 og 3 i framlegg til vedtak går ut til 13. januar 2023.

Nytt pkt 2:

Styret syner til at Stortinget enno ikkje har vedteke statsbudsjettet for 2023. Difor har heller ikkje Helse Vest RHF fullt oversyn over sine rammer for 2023. Styret vil på bakgrunn av dette leggja opp til full gjennomgang av budsjettet på styremøte 13. januar 2023.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2023
2. Styret i Helse Fonna HF syner til at Stortinget enno ikkje har vedteke statsbudsjettet for 2023. Difor har heller ikkje Helse Vest RHF fullt oversyn over sine rammer for 2023. Styret vil på bakgrunn av dette leggja opp til full gjennomgang av budsjettet på styremøte 13. januar 2023.
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2022

Sak 83/22 Investeringsbudsjett for Helse Fonna HF 2023**Nye framlegg:**

Investeringsbudsjettet blir og å vurderer på nytt i samanheng med budsjetthandsaming 13.01.2023. Pkt. 2 og 3 i framlegg til vedtak blir å handsama i styremøte 13. januar 2023

Vedtak [samrøystes]

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2023
2. Investeringsbudsjettet blir og å vurderer på nytt i samanheng med budsjetthandsaming 13.01.2023. Pkt. 2 og 3 i framlegg til vedtak blir å handsama i styremøte 13. januar 2023

Sak 84/22 Felles mål for tilstandsgrad**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF sett følgjande mål for tilstandsgraden for bygningsmassen i føretaket:

- den vekta aggregerte tilstandsgraden for bygningsmassen skal ikkje vere dårlegare enn 1,2
- ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3

Styret i Helse Fonna HF ber om å få lagt fram ei sak om korleis helseføretaket skal nå målet. Saka må vise:

- noverande tilstandsgrad basert på siste kartlegging med informasjon om kva som er gjort etter denne kartlegginga

- planar for bygningsmassen, under dette kva bygg som skal nyttast til sjukehusdrift framover og såleis inngår i mål for tilstandsgrad
- plan for korleis helseføretaket gjennom systematisk arbeid, med delmål, kan nå målet for samla tilstandsgrad. Planen bør ha eit tidsperspektiv på 5-10 år.
- korleis helseføretaket årleg vil rapportere på framdrift

Styret i Helse Fonna HF rår vidare til at helseføretaka samarbeider om felles mal for rapportering og oppbygging av vedlikehaldsplanar.

Sak 85/22 Oppnemning av Brukarutval i Helse Fonna HF

Nye framlegg:

Nytt punkt 3: Pkt 4 i retningslinjene vert endra slik: Brukarutvalet skal ha 9 representantar.

Nytt punkt 4: Nytt medlem vert Erling Netland

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek forslaget til nytt brukarutval i føretaket for perioden 01.01.23 – 31.12.24.
2. Styret i Helse Fonna HF vedtek forslag til leiar og nestleiar i brukarutvalet
3. Pkt 4 i retningslinjene vert endra slik: Brukarutvalet skal ha 9 representantar
4. Nytt medlem vert Erling Netland

Sak 86/22 Bygg Haugesund månadsrapport oktober

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 87/22 Eventuelt

Skriv og meldingar

Administrerande direktør orienterte kort om dei framlagde skriv og meldingssakene

Vedtak [samrøystes]

1. Skriv og meldingar blei tatt til orientering

Eventuelt:

Det vert ekstraordinært styremøte 5. desember kl 11.00. Det vert høve til å delta via Teams.

Referent Aud Gunn Løklingholm, 25.11.2022

Petter Steen jr.	Styreleiar
------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Helga Arianson	Medlem
----------------	--------

Heiko Bratke	Medlem
--------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

Kjersti Follesø	Medlem
-----------------	--------

Laura Lill Haavik	Medlem
-------------------	--------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Åse-Berit A. Rolland	Medlem
----------------------	--------

Ingvill Skogseth	Medlem
------------------	--------
